


# Tur til Polen 20. – 25. mai 2025

## Dag 1: Reisedag, Kvinesdal - Zakopane

Årets langtur med Kvinesdal Historielag starta grytidleg tysdag 20. mai med buss frå Liknes til Sola. Så gjekk turen vidare med fly til Gardermoen for flybyte til Kraków, og vidare med buss til Zakopane.

Vi var 29 deltagarar + reiseleiaren vår, Vidar Abrahamsen, frå OK Reiser, som arrangerte turen i samarbeid med styret i Kvinesdal Historielag.



*Flott utsikt frå hotellelet mot Tatrafjellene og hoppbakken i Zakopane.*



*Heile reisegruppa samla i Štrbské Pleso, Slovakia*

## Dag 2: Tatrafjellene

Dagen starta med eit par timer i buss over til Slovakia, med flott utsikt mot Tatrafjellene heile vegen. Vi hadde ein lengre stopp i Bachledka, der vi tok gondolbane opp til Treetop walk Bachledka. Etterpå bar det vidare til Štrbské Pleso der vi også åt lunsj.


Attende i Zakopane vitja vi den kjende hoppbakken, og avslutta dagen med byvandring og middag i sentrum.



*Treetop walk Bachledka*





*Treetop walk Bachledka*



*Hoppbakken i Zakopane*

## Dag 3: Saltgruva i Wieliczka

Etter nydeleg frukost med utsikt i Zakopane gjekk turen nordover mot Kraków. Vi stoppa nokre timer i saltgruvene i Wieliczka, der vi gjekk til saman 800 trinn nedover, og omlag 3 km bortover i gruvegongar.



Saltgruvas historie går attende til middelalderen og er på UNESCOs liste over verdens kulturarv.



*Saltkatedralen «St. Kingas kapell»  
(Kaplica Świętej Kingi)*

Sjølv om vi tykte vi fekk sjå mykje i gruva, var dette berre 1% av heile gruveanlegget. Heile gruva er 10 km aust-vest, 1,5 km brei og 327 m djup. Den samla lengda av gonger er over 300 km.

Katedralen som fortsatt er i bruk til gudstenester var mektig. Lysekroner av salt, alter og alt som hører til i ei kyrkje var bygd av salt.

Vi stoppa når vi var 135 m under jorda, der kom vi til dekka bord og ein smakfull trerettars lunsj.

Utpå ettermiddagen sjekka vi inn på Hotel Indigo i Kraków.

## Dag 4: Kraków.

Fredagen starta med byvandring i gamlebyen i Kraków i lag med ein kunnskapsrik og språkmektig guide. Mykje historie og vakker arkitektur, og guiden vår visste mykje om alt.



Samla framfor Sankt Wokciechls kirke,  
grunnlagt på 900-talet.



St. Florian-porten  
(Brama Floriańska)

Etter lunsj i gamlebyen blei vi kjørt og guida rundt i det jødiske kvartal, og avslutta ettermiddagen med omvisning i utstillingen «*Kraków under Nazi Occupation 1939 – 1945*» på Schindler's Factory. Attende til gamlebyen om kvelden for ein betre middag.



St. Mary's Basilica




Utanfor Oscar Schindler's Enamel Factory

## Dag 5: Auschwitz-Birkenau Memorial and Museum



Auschwitz 1



Auschwitz 2 (Birkenau)

På laurdagen drog vi til Auschwitz der vi fekk ein 4-timars omvisning i Auschwitz 1 og Auschwitz 2.

## Dag 6: Heimreise

Sundag var det tid for heimreise. Buss til flyplassen i Kraków og direktefly til Sola, og etter nok ein busstur var vi heime i Kvinesdal i halv firetida.

Alle var veldig nøgde med turen som blei arrangert av OK Reiser i samarbeid med styret i Kvinesdal Historielag, og samarbeidet var særsvellukka. Vidar Abrahamsen var med som reiseleiar og passa på at alle hadde det bra heile tida. Han hadde kontroll på logistikken, og hadde fått tak i veldig flinke lokale guidar. Vi ser fram til neste langtur, skal tru kvar turen går neste år?



Ref. og biletet: Anne Erfjord